

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2.søndag i treeiningstida - 3. juni 2018

Preiketekst: Gal 3, 23-29
Lesetekst I: Salme 67,2-6
Lesetekst II: Joh 3,26-30

De er alle éin i Kristus

Om dagen

Tekstrekke for denne søndagen har ei viss vektlegging av dåpen, frå Israelsfolket gjekk gjennom Sivsjøen, via Esekiels løfte om det nye hjartet og Johannes sin omvendingsdåp i Jordan til den nye livet ved Anden. Vår lesetekst frå Salme 67 hjelper oss jamvel til å sjå vidt utover til folkeslaga. Slik knyter tekstane saman trua, dåpen og misjonsoppdraget. Det er ei god oppfølging frå treeiningssøndagen, og det gir høgde til dei sterke orda i teksta vår om at det ikkje fins skilje mellom jødar og heidningar i det å tilhøyre Jesus Kristus og tru på han.

Om teksta

Det er ikkje for ofte at brevtekstane blir sett opp som preiketekstar i kyrkjene, enda dei reflekterer mykje av den første forkynninga i kyrkjene på aposteltida. Sånn sett må det gjerne gå ei oppmoding til dei rette instansar om at det kan leggest til rette for meir slikt.

Gal 3, 23ff er ikkje ei kva som helst tekst, særleg for oss med ei luthersk tilknytning. Av alt eksegetisk arbeid som Luther gjorde, og det var han første profesjon, så å seie, står galatarbrevskommentaren som den teksta som har fått mest å seie. Vi er i kjerneområdet av den reformatoriske nyoppdaginga av evangeliet. Syndaren blir rettferdiggjort aleine ved trua på Jesu frelse. Dette tar vi med oss som ein stor ressurs inn i teksta og ut i forkynninga. Samtidig må vi la teksta få tale til oss utan å tre eit mønster ned over den. Det er stundom utfordringa for oss som er sterkt forankra i ein evangelisk luthersk teologi.

Paidagogos

Teksta snakkar om ei fortid der Guds lov heldt styr på oss. Paulus nyttar to bilde for å få dette fram. Å vere under lova er som å vere i fengsel, under streng kontroll og under eit strafferegime (v. 23). I tillegg er livet under lova som å vere under regimet til ein «vaktar» (v.24). Dette er ikkje ein fengselsvaktar, noko omsettinga villeiande kan få oss til å tru. Andre omsettingar har nytta «tuktemeister» som omsetting av det greske «paidagogos». Ein paidagogos var som regel ein slave som hadde fått høg tillit. I barnets om lag ti skoleår var han derfor sett til å følgje, passe på, gi tukt, korrigere oppførsel. Han skulle kort og godt sørge for ei oppdraging som gjorde guten til mann, og det skulle skje under eit ganske hardt regime av straff. Paidagogos må ikkje blandast saman med vår seinare bruk av ordet «pedagog», sjølv om den språklege linja bak dit er klar nok. Truleg er omsettinga tuktemeister treffande både i bruken av ordet i samtida og absolutt i Paulus sin bruk av den i teksta.

Lova sin veg

Slik er altså lova sin funksjon. Ikkje fordi den er dårleg eller vond, men fordi den i oss har eit hardt materiale å arbeid med. Om vi vil bøte på vår skade, merkar vi fort at lova sin veg er ein vond veg å gå og lova sin Herre ein hard herre å tene.

«Trua kom»

Slik var det «til Kristus kom» (v.24). Her forstår omsettinga uttrykket «til Kristus (gresk: eis Xriston)», som ei tidstilvising. Dette er truleg den mest relevante forståinga. Lova hadde si tid som varetekt og tuktemeiseter til Kristus kom. No, derimot, er vi ikkje under slik kontroll, tukt og fangenskap, for med Kristus kom trua. Fanst det ikkje tru før Kristus? Jo, Hebr 11 vitnar sterkt om alle jødar i den gamle tida som trudde det dei ennå ikkje såg, og som fekk si frelse gjennom trua på Guds løfte. Kva meiner teksta vår då med tre gongar å seie at «trua kom»?

Den trua som «kom», var trua på Jesus Messias (v. 22. 26). Kanskje kan vi seie det så fortetta at trua som kom, var Jesus Messias. Det gir meining både i vers 23 og 25, der uttrykket blir brukt. Med Jesus har trua fått sitt rette innhald, kjøt og blod, frelsande handling i kors og oppstode.

Frelsesdrakta

Derfor kan vers 26-29 dra dette vidare med store vyar, for trua på Jesus skaper heilt nye føresetnader for frelsa. Vi blir jamvel Guds born ved trua på Guds son. Det er dette som blir rekt til oss i dåpen, som ei gåve. Uttrykket om å bli kledd i Kristus gjennom dåpen (v. 27) spelar neppe på den kvite dåpsdrakta som seinare blei vanleg ved dåp, men spelar på fine gamaltestamentlege bilde, til dømes som når Sakarja 3 fortel om Josva som står for Gud med Satans klagemål mot seg, og Gud skiftar ut Josvas klesdrakt slik at han bli kledd til fest.

Søskenfellesskap

I denne konteksten av evangeliet, trua, dåpen og vår stilling i Kristus kjem dei forvandlande orda frå vers 28 til oss. Her, i sentrum av evangeliet, brytast alle skilnader ned som uvesentlege. Det betyr naturlegvis ikkje at ulike kulturar av jødar og heidningar er verdilause. Tvert om seier den same Paulus at jødane med det dei har fått openberra i historia, har mykje framfor oss andre. Kjønnspolariteten blir heller ikkje broten ned som uvesentleg. Framleis er det slik at Gud skapte – og skaper – oss til mann og kvinne. Slaveriet er vi heldigvis kvitt, men også vi har ordning med styresmakter som vi skal rette oss etter og som er til det gode for samfunnet. Dei skilja, spenningane og konfliktane som vi lagar av dette, må likevel brytast ned, og det einaste punktet i tilveret der det skjer, er i Kristus. Der blir alle som tar imot evangeliet, retta inn mot han. Vi står likt. Vi er søsken i trua på eit evangelium som er for alle.

Dette søskenfellesskapet, som kallast både Guds born og Abrahams ætt (v. 29), er Jesu Kristi kyrkje. Vi høyrer Kristus til, avsluttar Paulus i teksta, ved trua på det evangeliet som blei rekt til oss i dåpen og som blir rekt til oss i forkynninga av Guds ord og ved nattverdsbordet.

Til preika

Teksta er fortetta, men eg ville ha starta med litt undervisning som set teksta i sin litt større kontekst i Galatarbrevet. Skal folk få tilgang til teksta sitt innhald, må det også seiast litt om dei bilda som blir nytta, slik som «varetekt» og «vaktar». Preika må likevel primært styre fram mot den glade hovudsaka i v. 26-29. Forkynn tekstbasert.

Er dåpen hovudsaka? Neppe. Dåpen er eit middel for Guds frelse. Den er ikkje frelsa. På Guds ord og løfte ber dåpen evangeliet til oss, så vi skal tru på Jesus Messias. Sånn sett er heller ikkje trua hovudsaka, i alle fall ikkje den subjektive forståinga av «mi tru». «Kva skal du preike om i kveld,» spurde ein ryfylking sokneprest Olav Valen-Sendstad ein gong. «Jeg skal forkynne om troen,» svarte den kjende teologen. «Forkynn Kristus du, Valen-Sendstad, så kjem trua,» svarte lekmannen.

Vår fare er også at vi forkynner om trua der vi skulle forkynne trua sin Kristus. Forkynninga skal vekke og nære denne frelsande trua. Derfor må Jesus i sentrum.

Skulle eg våge meg på tips til disposisjon, kunne det vere slik:

1. Før trua kom. Om livet under lova si makt, dvs. om fengselet og tuktemeisteren.
2. Då trua kom. Om livet i Kristus, dvs. om å vere Guds barn, eitt i Kristus og Abrahams ætt.
3. Når trua kjem. Applikasjon og forkynning av fridomen i Jesus i den rettferdiggjjerande trua.

Rolf Kjøde

Leiar for eigarkontakt, NLA Høgskolen

Rolf.Kjode@NLA.no